



Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova

Vedteken i kommunestyret 15.12.2016
Saksnr. 2013/2866 Løpenr. 24333/2016
Dato 21.12.2016
Revidera: 28.05.2021
Revidera: 01.09.2021

Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova

INNHOLD

<u>Felles retningsliner for alle løyve</u>	2
<u>Definisjonar</u>	2
<u>Fellesreglar for alle typar løyve</u>	3
<u>Klage</u>	3
<u>Løyve til bruk av snøskuter</u>	3
<u>Transportar som ikkje treng søke om løyve</u>	3
<u>Hytteløyve: Løyve til hytter som ligg meir enn 2,5 km frå veg</u>	4
<u>Transportløyve: Løyve til å utføre leigekøyring som næring</u>	5
<u>Løyve til utmarksnæring</u>	6
<u>Løyve til funksjonshemma</u>	7
<u>Løyve til gruppeturar</u>	8
<u>Løyve til transport av ved</u>	8
<u>Løyve til køyring i løypenett for fritidskøyring med snøskuter</u>	8
<u>Løyve til utkøyring og tilsyn med jervbåsar</u>	9
<u>Løyve til transport til kommunens hytter Berunuten, Fjarefit og Smerheller</u>	9
<u>Løyve til bruk av ATV og andre barmarksøyretøy</u>	10
<u>Transportar som ikkje treng søke om løyve</u>	10
<u>Løyve for transport av materiell og utstyr for utmarksnæring</u>	10
<u>Bruk av båt og luftfartøy</u>	10
<u>Bruk av båt</u>	10
<u>Bruk av vasskuter</u>	10
<u>Luftfartøy</u>	11
<u>Dispensasjonar</u>	11
<u>Dispensasjon til å bruke motorkøyretøy på snø og barmark</u>	11
<u>Dispensasjon til å bruke motorfartøy (båt og luftfartøy)</u>	12

FELLES RETNINGSLINER FOR ALLE LØYVE

Motorferdselslova med forskrifter set dei overordna rammene for motorferdsel i utmark. Desse retningslinene definerer og klargjer kommunens rutinar og vilkår knytt til handsaming av søknader om ulike køyreløyve.

Relevante lovverk:

- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven), LOV-1977-06-10-82
- Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag, FOR-1988-05-15-356
- Forskrift for løpenett for fritidskjøring med snøskuter, Vinje kommune FOR-2016-03-10-250

Saker knytt til Hardangervidda nasjonalpark blir handsama av Tilsynsutvalet for Hardangervidda.

Plan- og miljøutvalet får fullmakt frå kommunestyret til å gjere mindre presiseringar og fastsetting av retningslinjene.

Næringskontoret har det faglege ansvaret for motorferdsel i utmark, men Tenestetorget handsamar dei fleste søknadene.

Definisjonar

Sone 1: Utmark, i hovudsak skogkledd, under 1040 meter over havet. Hytter som ligg i sone 1, men der den mest fornuftige traseen gjeng over 1040 moh., fell inn under sone 1.

Sone 2: Utmark, i hovudsak høgfjell, over 1040 meter over havet.

Utmarsnæring: Næring knytt til utmark. Med utmarsnæring meiner me ei næring som er lokalisert i utmarka. Næring betyr at aktiviteten må vera knytt til eit føretak som gjev ei inntekt. Det kan mellom anna vera næringsverksemder som utleigehytter eller masseuttak.

Motorfartøy: Båt eller anna flytande og svevande fartøy som blir driven av ein motor

Motorkjøretøy: Bil, traktor, motorsykkel, beltebil, snøskuter, ATV eller liknande.

Utmark: Alt som ikkje er innmark. Ubrøytt veg er rekna som utmark. Desse retningslinene gjeld berre for utmark.

Innmark, eller like til innmark, blir definert som gardsplass, hustomt, dyrka mark, engslått og kulturgeite. Det gjeld også for område der allmenn ferdsel vil skape konkrete problem for eigar eller brukar (til dømes industriområde). Udyrka mindre område som ligg i dyrka mark er også innmark. Det same er brøytte vegar der personbilar kan køre. Desse retningslinene gjeld berre for utmark, ikkje på innmark.

Tur: For dei løyva som har eit avgrensa tal på turar, vil ein *tur* gjelde for transport frå avreisestaden til målpunktet og tilbake til avreisestaden. Til dømes parkeringsplass – hytte – parkeringsplass.

Fellesreglar for alle typar løyve

- Køyreløyvet gjeld for éin snøskuter. Løyvet og andre dokument som følgjer løyvet skal alltid vera med under køyring og visast fram ved kontrollar. Unntaket er løyve til gruppeturar og eventuelt dispensasjonar til t.d. duggnadsarbeid der eitt løyve kan bli delt ut til fleire snøskuterar. Løyvet må like fullt vera med på turen, og dei som køyrer må vise ei tilknyting til gruppa.
- All motorisert ferdsel skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, fugle- og dyreliv.
- Løyvet er berre gyldig for køyring med registrerte køyretøy med korrekte kjennemerke.
- Løyvehavarane er sjølve ansvarlege for å skaffe samtykke frå grunneigarar, jf. motorferdselslova § 10. Tenestetorget kan gje liste over aktuelle grunneigarar.
- Alle løyva til snøskuterkjøring gjeld så lenge snøen er berande. Frå og med første mandagen i mai er kjøring ulovleg, så sant enkeltdispensasjonar ikkje seier noko anna.
- Transportløyve: Der bør den som får løyve ha lov til å ta med seg ein person med skuter for tryggleiken og eventuell naudsynt hjelp.

Klage

Heimel: Forvaltingslova kapittel VI

Vedtaket på søknaden kan klagast på innan seinast 3 veker etter at ein har fått beskjed om vedtaket. Eininga som gav løyvet handsamar klaga og legg ho fram for politisk vedtak.

LØYVE TIL BRUK AV SNØSKUTER

Transportar som ikkje treng søke om løyve

Heimel: Motorferdsellova § 4 og Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc.) §§ 2 og 3

Det er tillate å køyre snøskuter og anna køyretøy på vinterføre i samband med:

Vedteke i kommunestyret 15.Desember 2016

- Politi- ambulanse-, rednings-, oppsyn- og tilsynsteneste med heimel i lova.
- Offentlege post- og teletjenester.
- Person- og godstransport til og frå faste bustader og i samband med jordbruk-, skogbruk- og reindriftsnæring (ikkje bærplukking, jakt og fiske).
- Forsvarets transportar.
- Anlegg og drift av offentlege vegar og større anlegg.
- Rutetransport (i samsvar med yrkestransportlova).
- Transport av jaktutbytte av elg og hjort.
- Fiskekultivering i offentleg regi.
- Naudsynt drift av turistanlegg (overnattings- og serveringsstader m.m.) som ikkje ligg langs brøyta bilveg.
- Transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggjeløyve.
- Opparbeiding og preparering av skiløyper/skibakkar for ålmenta, når det blir gjort av ein frivillig organisasjon eller kommune. Kommunen tilrår at løypekøyringa skal vera i samsvar med sti- og løypeplanen.
- Naudsynt transport i samband med vitskaplege undersøkingar på oppdrag frå ein forskingsinstitusjon (dyretelling, registreringar m.m.)
- Transport av ved frå sin eigen eigedom til eigen bustad (til eige bruk)
- Køyretreningsplasser som er fastsett av fylkesmannen
- Akutttiltak for å redusere påkøyningsrisiko av hjortevilt langs veg eller jernbane
- Søk etter skadd storvilt utanfor ordinær jakt i regi av kommunen

Hytteløyve: Løyve til hytter som ligg meir enn 2,5 km frå veg

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc) § 5, bokstav c.

Kommunen kan etter søknad gje løyve til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte som ligg minst 2,5 km frå brøyta bilveg. Søknaden skal handsamast administrativt. Kommunen kan sette ein søknadsfrist.

Vilkår for løyvet:

- Sone 1, under 1040 moh:
 - o Løyvet gjeld for 4 år om gongen
 - o Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektingar i rett line kan òg nytte løyvet.
Heimelshavarar som ikkje er i felles husstand kan få fleire løyve etter søknad.
- Sone 2, over 1040 moh:
 - o Løyvet gjev 6 turar per år per hytte. Dette inneber dei turane som er naudsynte for å få transportert all bagasje og utstyr den datoен som er oppført på løyvet, samt oppkøyring av slepe (kan gjennomførast dagen før).

- Løyvet gjeld for 4 år om gongen. Turane kan fordelast fritt over dei fire åra.
- Dato for turane må førast opp på løyvet før turen startar. Dette skal kunne visast fram ved eventuelle kontrollar.
- Løyvet gjeld for hytta, og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektningar i rett line kan òg nytte løyvet.
- Felles for sone 1 og 2:
 - Behov for fleire turar må løysast med transportløyve. Dersom ingen har transportløyve i området kan ein få fleire løyve etter søknad.
 - Ved utelege av hytta må leigekontrakt leggjast fram.
 - Traseen løyvet gjeld for skal visast på eit kart. Køyringa skal gå langs fellestrasear så mykje som mogleg, og derifrå mest fornuftige trasé til målpunktet.
 - Ved henting av vatn skal kortaste veg frå hytta nyttast.

Søknaden må innehalde:

- Gards- og bruksnummer og adresse til hytta.
- Lokalisering av hytta og gjerne skildring av ønska trasé (koordinat eller kart)
- Informasjon om kven som eig hytta. Ved utelege må leigekontrakt leggjast fram.

Transportløyve: Løyve til å utføre leigekøyring som næring

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc) § 5 bokstav a

Kommunen kan etter søknad gje løyve til innbyggjarar i Vinje kommune som vil ta på seg transportoppdrag med snøskuter som ei næringsinntekt. Transportøren kan ta på seg oppdrag knytt til:

- Transport mellom bil og hytte.
- Tilsyn med hytter på oppdrag frå eigaren.
- Transport av massemedia.
- Transport av funksjonshemma.
- Transport av ved.
- Andre transportar som har fått **DISPENSASJONAR** (sjå s. 11).
- Transport for beiteland (saltstein, gjerdemateriell, gjetarhytter m.m.)

Søknaden blir handsama administrativt. Det kan settast ein årleg søknadsfrist.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet blir berre gitt til næringsdrivande med organisasjonsnummer. Det kan vera eit eige føretak for transport, eller næringar der snøskutertransport naturleg kan vera ei tilleggsnæring, til dømes gardsbruk eller turistnæringer.
- Løyvet må følgje transporten, og sjåføren må kunne vise ei tilknyting til verksemda ved kontroll. Dersom det er fleire tilsette kan ei verksemd söke om fleire løyve.

- Ved kontroll må løyvehavaren kunne vise kven som er oppdragsgjevaren, kontaktinformasjon (telefonnummer) til oppdragsgjevar og målpunkt/avreisested for transporten.
- Løyva medfører ei plikt til å ta dei transportoppdaga som det er etterspurnad etter.
- Søkar skal oppgje kva del av kommunen han/ho vil vera tilgjengeleg for oppdrag. Dersom det er naturleg, kan løyvehavaren også ta oppdrag i andre delar av kommunen.
- Løyvehavaren skal rapportere til kommunen årleg innan 15. juni. Rapporten skal innehalde ein oversikt over dato, startpunkt og mål for kvart oppdrag. Rapporten skal ligge til grunn for vurdering om fornying av løyve.
- Vedtaket om løyvet gjeld for 4 år, men sjølvve løyvet blir utstedt for eitt år om gongen etter at rapporten er sendt inn.
- Løyvehavaren må ha 12 betalte transportoppdrag for å få fornya løyvet. Dersom løyvehavarar har mindre enn 12 betalte transportoppdrag i løpet av ein sesong kan løyvet fornyast mot ei grunngjeving, til dømes at det ikkje var etterspurnad etter fleire transportoppdrag i området.

Søknaden må innehalde:

- Organisasjonsnummer
- Løyvehavaren må oppgje namn og telefonnummer. Desse opplysningane blir brukt til informasjon om transporttilbod, både av kommunen og andre aktørar, som turistinformasjon.
- Kva område løyvehavaren vil vera tilgjengeleg i.
- Dersom søkeren hadde mindre enn 12 turar førre sesong må han/ho grunngje kvifor han/ho søker om løyve om att.

Løyve til utmarksnæring

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc) § 5a.

Verksemder kan søke om løyve til transport av materiell og utstyr for utmarksnæringa. Løyvet kan gjelde for all type ferdsel (også barmark). Turtransport, som snøskuterafari og frakt av gjester rundt i terrenget, kjem ikkje inn under løyvet. Søknaden skal handsamast administrativt. Transportløyve for næringar som ikkje er utmarksnæring må søke om dispensasjon.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet blir gitt til verksemda som utmarksnæringa er knytt til.

- Løyvet kan i første omgang bli gitt for 2 år. Dersom verksemda har ei momspliktig omsetting når køyreløyvet skal fornyast, kan løyvet vare i 4 år om gongen. Søkar må sjølv leggje fram dokumentasjon på dette.

- Fastbuande som driv med utmarksnæring treng ikkje vise til ei momspliktig omsetting. Løyvet skal i så fall heimlast i §5, bokstav d.
- Løyvet kan bli gitt for 4 år om gongen, så lenge næringa er i drift.
- Løyvet må vise køyretrasé.
- Det kan bli gitt løyve til barmarkskøyring. Det må gange fram av løyvet kva trasear det kan køyrast i, og med kva køyretøy. Barmarkstrasear skal gå langs traktorvegar, klasse 7 eller 8.

Søknaden må innehalde:

- Ei kort skildring av verksemda og behovet for køyreløyve, tillegg til organisasjonsnummeret.
- Dokumentasjon på at verksemda er har eit momspliktig overskot ved fornying av løyvet.
- Kart over kva trasear det blir søkt over må leggjast ved. Dersom det er barmark må søkeren vise traktorvegklassa.

Løyve til funksjonshemma

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc) § 5, bokstav b

Kommunen kan gje løyve til snøskuterkjøring til rørslehemma, dersom behovet er reelt og rørslehemminga er varig. Reelt behov kan vera transport inn til si eiga hytte, snøskutertur er ikkje eit reelt behov. Søknaden skal handsamast administrativt. Løyvet kan vera tidsavgrensa til dømes til ei helg dersom det er føremålstenleg.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal skrivast ut til personen som er funksjonshemma. Den funksjonshemma må vera med på transporten.
- Løyvet må vise kvar traseen gjeng.
- Funksjonsnedsetjing som skuldast alder eller mellombels sjukdom/skade gjev ikkje rett til dispensasjon etter dette punktet.

Søknaden må innehalde:

- Søkaren må i søknaden vise kva målet med køyringa er.
- Søkaren må leggje fram dokumentasjon (skjema utfylt saman med legen, sjå vedlegg) som stadfester funksjonshemminga, og er eit hinder for at turen kan gjennomførast på annan møte (til dømes til fots).

Vedteke i kommunestyret 15.Desember 2016

- Søknaden må ha eit kart eller koordinat på avreisestad og målpunkt, som viser kvar snøskutertraseen skal gå

Løyve til gruppeturar

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc) § 5 bokstav f

Kommunen kan gje løyve til snøskuterkjøring for bebuarar på helse- og omsorgsinstitusjonar, medlemmar av pensjonistforeiningar eller forflytningshemma. Søknaden skal handsamast administrativt.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet må avklare dato og hovudtrasé for gruppeturen.
- Løyvet skal skrivast ut til den organisasjonen som arrangerer gruppeturen. Den ansvarlege for turen skal ha løyvet med på transporten.

Søknaden må innehalde:

- Søknaden må innehalde ei skildring av dato, føremålet med turen, start- og endepunkt, køyrerute og kor mange snøskuterar som det blir søkt om løyve til.
- Vise kva organisasjon som arrangerer turen.

Løyve til transport av ved

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc) § 5, bokstav e

Kommunen kan gje løyve til å transportere ved med snøskuter. Søknaden skal handsamast administrativt. Transport av ved mellom eigen skog og bustad er heimla direkte i forskrifta (§ 3, bokstav g), og treng ikkje løyve. Annan vedtransport kan få løyve, med følgjande vilkår:

- Løyvet er personleg, men ektefelle/sambuar og slektingar i rett line kan òg nytte løyvet.
- Løyvet skal vise hovudtraseen og kva område det skal hoggast ved i.

Søknaden må innehalde:

- Skildring av kvar hovudtraseen skal gå og kva område det skal hoggast ved i.

Løyve til kjøring i løpenett for fritidskjøring med snøskuter

Heimel: Forskrift for løpenett for fritidskjøring med snøskuter, Vinje kommune

Vedteke i kommunestyret 15.Desember 2016

Reglar for løyve og bruken av løypenettet står i forskrift for løypenett for fritidskøyring med snøskuter i Vinje kommune. Nedanfor er retningsliner knytt til utdeling/sal av løyve skildra.

- Døgnløyve blir selt på internett
- Årløyve blir selt frå internett (vinjenett.no) til dei som er oppført på den siste oppdaterte medlemslista som næringskontoret har fått tilsendt frå snøskuterklubbane. Grunneigarar som er oppført på grunneigarlista og som er medlem i snøskuterklubb kan få eitt løyve. Dersom det er fleire grunneigarar knytt til eitt løyve, vil den første søkeren få.
- Turistløyve blir selt frå Tenestetorget, på følgjande vilkår:
 - o Søknaden må vera skriftleg og vise at bedrifta er registrert i einingsregisteret og at bedrifta har fått godkjenning frå Statens Vegvesen.
 - o Løyvet blir utskrive til bedrifta og arrangøren må ha med løyvet under transporten.

Løyve til utkøyring og tilsyn med jervbåsar

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc) §5b.

Kommunen kan gje løyve til utkøyring og tilsyn av jervbåsar. Løyvet blir handsama administrativ. Følgjande vilkår må vera til stades for å få løyve:

- Jervbåsane må vera tillatt av fylkesmannen.
- Løyvet må vise kva trasear som skal brukast og tal på turar.
- Løyvehavar må føre logg, som dokumenterer at transporten er i samsvar med løyvet og som skal kunne visast fram ved kontroll.

Løyve til transport til kommunens hytter Berunuten, Fjarefit og Smerheller

Innbyggjarar i Vinje kommune kan få løyve til 4 turar til Berunuten, Fjarefit og Smerheller. Dokumentasjon på jaktkort, fiskekort eller leige av hytte må kunne leggast fram ved kontroll.

For bruk av løypa er det sett fylgjande vilkår:

- Rasting er lov opp til 30 meter ut frå trasé. Køyring for rasting skal skje rett ut frå traséen. Det er ikkje lov å køyre parallelt med snøskuterløypene.
- Kjøring utenfor merka trasé er ikkje tillate, utanom for isfiske på Songavatnet, kommunal eigedom.
- I samband med isfiske skal köyring skje rett ut frå traséen og fiskekort på Berunuten vest må kunne leggast fram ved oppsyn/kontroll.
- Ved henting av vatn skal kortaste veg frå hytta nyttast.

LØYVE TIL BRUK AV ATV OG ANDRE BARMARKSKØYRETØY

Transportar som ikkje treng søke om løyve

Heimel: Motorferdsellova § 4 og Forskrift forbruk av motorkjøretøy i utmark (etc) § 2

Det er tillate å bruke ATV og andre barmarksøyretøy i samband med:

- Politi- ambulanse-, rednings-, oppsyn- og tilsynsteneste med heimel i lova.
- Offentlege post- og teletenester.

- Person- og godstransport til og frå faste bustader og i samband med jordbruk-, skogbruk- og reindriftsnæring (ikkje bærplukking, jakt og fiske).
- Forsvarets transportar.
- Anlegg og drift av offentlege og større vegar og anlegg.
- Rutetransport (i samsvar med yrkestransportlova).
- Transport av jaktutbytte av elg og hjort.
- Fiskekultivering i offentleg regi.

Løyve for transport av materiell og utstyr for utmarksnæring

Retningsliner for søknader og handsaming er dei same Løyve til utmarksnæring. Sjå side 6.

BRUK AV BÅT OG LUFTFARTØY

Bruk av båt

Heimel: Motorferdsellova § 4

Ferdsel på innsjøar er tillate på vatn og vassdrag som er større enn 2 km². Transport på mindre vatn må søke kommunen om Dispensasjon til å bruke motorfartøy (båt og luftfartøy). Sjå s. 11.

Bruk av vasskuter

Heimel: Forskrift om bruk av vannscooter og lignende § 4, 2. ledd.

I innsjøar er det berre lov å køyre vasskuter 500 meter frå land, eller frå vernegrenser. Roleg køyring kortaste veg frå land og ut til det lovlege området er lov, så lenge det

Vedteke i kommunestyret 15.Desember 2016

ikkje er i verneområde og ein held seg over 30 meter frå holmar og øyar. Dette betyr at det berre er lov å køyre vasskuter på delar av Møsvatn, Totak og Songa. Annan bruk av vasskuter må søke om Dispensasjon til å bruke motorfartøy (båt og luftfartøy), sjå s. 11.

Luftfartøy

Heimel: Motorferdsellova § 4

Det er berre lov å lette og lande med fly på vatn som er 2 km² eller større. Dersom ein ønskjer å lette eller lande i annan utmark, må ein søke Dispensasjon til å bruke motorfartøy (båt og luftfartøy). Sjå s. 11.

Helikopter som fraktar varer underhengande treng ikkje søke om løyve. Dersom helikopteret skal lande på bakken, eller henge så lågt at ein kan lesse varer inn og ut av sjølve helikopterkroppen, må ein søke dispensasjon.

På Hardangervidda er det eigne reglar. Sjå Forskrift om naudsynt motorferdsle innanfor Vinje kommune sin del av Hardangervidda nasjonalpark. Tilsynsutvalet for Hardangervidda forvaltar desse reglane.

Vatn over 2 km² utanfor Hardangervidda nasjonalpark: Bitdalsvatn, Bordalsvatn, Førsvatn, Holmavatnet, Kjelavatn, Langeidvatn, Langesæ (Vågsli), Langevatn, Lognvikvatn/Tansvatn, Møsvatn, Songa, Ulevåvatn/Ståvatn, Sæsvatn, Totak, Vinjevatn, Vråsjå, Våmarvatn, Øvre Langeidvatn

DISPENSASJONAR

Dei som ønskjer å køyre i utmark for andre føremål enn nemnt over, må søke kommunen om dispensasjon.

Dispensasjon til å bruke motorkøyretøy på snø og barmark

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc) § 6

Kommunen kan gje dispensasjon til annan bruk av motorkøyretøy på bakkenivå (snøskuter, ATV og andre køyretøy). Søknaden skal handsamast Administrativt.

- Søknaden må innehalde:

- Skildring av føremålet med transporten.
- Kven som skal køre.
- Kvar (trasé eller område) det er bruk for transport, dersom det er mogleg å gje informasjon om.

Vedteke i kommunestyret 15.Desember 2016

- Dato og tidspunkt som det er behov for transport dersom det er mogleg å gje informasjon om.
- Vurderinga av søknaden skal leggje vekt på:
 - Om transporten kan løysast på anna vis.
 - Om det er andre føremål enn turkøyring.
 - Verknader på vilt, natur, miljø, friluftsliv, hytter og bustader.
- For gjennomføring av årlege, offentlege idrettsarrangement kan arrangørane etter søknad få dispensasjon for inntil 4 år om gongen.
- Handverkarar som ofte har oppdrag på hytter kan etter søknad få dispensasjon til å transportere seg sjølve, verktøy og materialar inn til hyttene. Det må settast krav om organisasjonsnummer og føring av køyrebok før kvar tur startar.

Løyvet gjeld for 4 år, men blir fornya ein gong i året etter rapporteringa. Turane må også rapporterast til kommunen innan 15. juni.

- Transportbehov i utmark skal i hovudsak løysast med snøskuter eller helikopter. Dispensasjonar for ATV-køyring blir vurdert meir restriktivt enn snøskuterkøyring.

Dispensasjon til å bruke motorfartøy (båt og luftfartøy)

Heimel: Motorferdsellova § 6

Kommunen kan gje dispensasjon til bruk av båt eller luftfartøy. Det kan til dømes vera letting og landing med helikopter eller bruk av båt/sjøfly på innsjøar som er mindre enn 2 km². Søknaden skal handsamast av administrasjonen.

Søknaden må innehalde:

- Skildring av føremålet med transporten
- Kven som skal køyre
- Kvar (trasé eller område) det er bruk for transport
- Dato og tidspunkt som det er bruk for transport

Vurderinga av søknaden skal leggje vekt på:

- Verknader på vilt, natur, miljø, friluftsliv, hytter og bustader.

For landing med helikopter utanfor nasjonalparken i samband med storviltjakt, kan det etter søknad bli gitt dispensasjon til å lette og lande for inntil 4 år om gongen.